



Dei søkte om 400 000 og fekk det

Det ambisiøse og allsidige grusbaneprosjektet til idrettslaget er no godt og vel halvvegs til målet med omsyn til finansiering.

Det slår Bjørn Olav Tveit og Johannes Hjørnevåg fast etter det som skjedde i kulturhuset på Husnes ikveld. Idrettslaget fekk 400 000 kroner i vartildelinga frå Sparebankstiftinga. Det var same summen som omsøkt og dei 2 var svært godt fornøgd. Også andre har vore svært rause med gåvene og det var viktig at også summen frå stiftinga kom på plass. No er byggjesteget nummer ein finansiert og ein er godt på tur med nummer 2.

Ved dene tildelinga var det søkt om knappe 14 millionar og 3 millionar vart delt ut. Vårt idrettslag fekk den nest største potten medan Rosendal samfunnshus toppa lista. Dei fekk 500 000 til ein hardt tiltrengt takreparasjon.



[Uskedalingane toppar her køa av dei som takka](#)

I takketala si gav Bjørn Olav Tveit ein engasjerande oversikt over prosjektet slik dei tenkjer seg det, med mellom anna kunstgrasbane, klatrepark, skatepark og stier. Målsetjinga er at det skal vera eit tilbod for einkvar smak. Til hausten er neste tildeling frå stiftinga og det er mogeleg at summen då vert større enn den var no. Spreiinga av midlar til ymse aktivitetar var svært imponerende også denne gongen og ordførar Synnøve Solbakken gav uttrykk for kor imponert ho var over det breie organisasjonslivet i kommunen og kor mange eldsjelar som gjer ein innsats.

Denne gongen vart det ikkje minst delt ut midlar til bygdelaga - i vår nærleik tildømes til Herøysund, Matre og Åkra.

Bankfondet er ei utruleg kjelde, utan det hadde svært mange prosjekt ikkje vore realisert. Men også friluftslivet var godt tilgodsett - til dømes med restaurering av sti til Melderskin og innkjøp av havkajakkar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen